

Fagseminar seksjon for immateriell kulturarv 2024:

Maritim immateriell kulturarv

Viti/ Ålesund 19. -20. september

Kva skjer med den maritime immaterielle kulturarven når kystbefolkninga har gått i land?

På seminaret denne hausten ønsker fagseksjon for immateriell kulturarv å løfte problemstillingar vi møter i arbeidet med å ta vare på den maritime immaterielle kulturarven. At Noreg er ein kystnasjon, med fjordar, sund og øyer og skjer har prega historia og kulturen vår. Dei store fiskeria sysselsette mange og skaffa Noreg eksportinntekter langt tilbake i tid. Store deler av kystbefolkninga har overlevd på kombinasjonen av fiskeri og jordbruk, dei har vært fiskarbønder. Sjøen var ikkje berre spiskammers, den var også den viktigaste ferdselsåra langt inn på 1900-talet.

Dette har endra seg mykje dei siste 70 åra. Fiskeria er ikkje lenger ein aktivitet for dei mange, men har blitt effektivisert og sysselset relativt få menneske. Fiskarbondens mangesysleri og heimefiske sin naturlege del av dette er det nesten slutt på. Landbasert transport har tatt over både person og godstransporten. Sjøen er ikkje lenger vegen.

Med andre ord har kystbefolkninga sitt forhold til sjøen, fiskeri og båtar gjennomgått store endringar. I dag er det ikkje sjølvstøtt at alle kan ro, kunnskapen knytt til å segle dei relativt små fraktestartøya langs norskekysten er det få som beherskar. Det same gjeld kunsten å handtere både dampskip og fartøy drevet fram av semidiesel. Kunnskap knytt til fiske og behandling av fisk er ikkje allemannseige, og tradisjonelle matretter av fisk glir ut av det kulturelle repertoaret til hushalda. Mykje av denne kunnskapen er av immateriell art, og det er kanskje slik at det er musea i samarbeid med frivilligsektoren som må trø til å for å ta vare på denne kunnskapen.

Program

Dag 1: Torsdag 19.september på Sunnmøre Museum, Borgundgavlen

- | | |
|---------------|---|
| 10.00 | Velkommen v. seksjonen og vertsmuseet
<i>Korleis arbeider Viti med immateriell kulturarv?</i>
Ingvil Eilertsen Grimstad |
| 10.30 – 11.15 | <i>Dei båtreisande - romanifolket som reiste sjøvegen.</i>
Grete Paulsen / Haugalandsmuseet |
| 11.30 – 12.15 | <i>Kystens matkultur</i>
TBA |
| 12.30 – 13.00 | Lunsj |
| 13.00 – 13.30 | <i>Immateriell kulturarv på utstilling – med klinkbåttradisjonen som eksempel.</i>
Ingvill Nålsund / Viti |
| 13.30 - 15.30 | Formidlingsopplegg knytt til det maritime |
| 15.30 | til hotellet |
| 18.00 | Middag |

Dag 2:	Fredag 20. september på fiskerimuseet, Ålesund sentrum
Kl. 8.30 – 9.20	Omvising på fiskerimuseet og bankskøyta Storeggen.
Kl. 9.30 – 10.00	<i>Frivilligheita i fartøyvernet og utfordringar med å ta vare på kunnskap i fartøydrift.</i> Tarjei Fykse / Hardanger fartøyvernssenter
10.00– 10.30	<i>Kystfriluftsliv og ivaretaking av tradisjonell seglkunnskap.</i> Terje Planke/ Norsk Folkemuseum
10.30 – 10.45	Kaffipause
10.45 – 11.15	<i>Handverkaren og brukaren sitt perspektiv på å forstå båten.</i> Håvard Hatløy/ Viti
11.15 – 11.30	Beinstrekk
11.30 – 11.15	Riksantikvarens strategi for bevaring av kulturmiljø langs kysten. Panelsamtale
12.30	Lunsj og avreise

Etter seminaret er det anledning til å vere med på bankskøyta Storeggen. Begrensa plassar.
Førehandspåmelding.